

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skaffjelladal

Emne: Skav.

Bygdelaq: Røsvatn.

Oppskr. av: Sve Fistervatn.

Gard: Fistervatn

(adresse): Skaffjelladal

G.nr. 68 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Både etter eiga og andre sine røynsle.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Kåmann Jakob Kvalbukt fødd 17. april 1858 og Kåm. Lars Fortenli fødd 1862, begge Røsvatn, Skaffjelladal.

SVAR

Skav.

1.2. Brom og skav kallast "nøfor"
"binøfor" "binødrott" og beru "drott".

3. Ordet skava bøyest slik: skav, skov,
skave eller skeve.

På vestre og sør-sida av Røsvatn
og dessutan i Tisundal og Skaffjelladal
seier dei skave i partisiopp. Men
på austre og nordre sida av Røsvatn
seier dei skeve liksom i Korzen
herad.

4. Skav har ein mytta mykje og
myttar det framleis til hjelpefor,
men no i mykje mindre grad
enn før. Det har vore rekna både
som regulært forslag og som hjelpefor
ettersom ein dreiv på dei ymse
gardane; men mest kan ein vel
seia skav har vore hjelpefor.

Og dei som brukar det no, brukar
det beru til hjelpefor.

2
5. Rogn vart helst brukt, dessutan
selje og bjørk. Gran skov ein ikkje.
Unge fjørte vart skavne til folke-
mat for lenge, lenge sidan.

Rognskavet vart halde for gjævast
til krøtera.

6. Ordet skav, skjevla, kalla ein ikkje
noko hestlag. Det var ettersom det
var skave at ein kalla borken for
skav og vedkiasem for sjavel med
fjærkk l.

7. Gamle folk har høyt dette rimet:

Rogna gjæ,
seljo fjæ,
bjørkja svelte,
istra velte,
hegg set marg i legg.

Dei unge som no veis opp, er
heilt ukjende med dette rimet.

8. Heile luskapen fekk skav, skindom
hestane og, når ein var mest heilt
høyland. ~~Skaven~~ fekk skavet om vinteren,
helst på vårvinteren. Dei fekk skavet
for seg sjølv, ikkje blanda med anna
for. Skav av ildes var ikkje ^{brukt} _{se}
kjone måtte vel ikkje eta det.

9. Røynsla var at ein både fekk
meir og feitare mjølk. Dessutan
vart vel smøret gylare. Beisk

2.

smak, gav skav av ~~Asp~~ grå mjölka.
Og dessutan er det svært lite av
asp ved Røsvatnet, bene så vidt ho
finst, så eg triv det må vera frå
andre stader ein har høyt om at
asp gav beisk smak.

Men det er røynt at dersom ein
føra kriterer sterkt med rognskav, så
vart det "skavsmak" som ein seier
frå mjölka.

10. Ein drog eins erend til skogs for
å henta skavved. Veden som var
skaven kunne ein nytta til brennevod,
og den finaste og beinaste til hejved
eller til emnevod for reiskapar ein
arbeidde seg.

11. Når ein skal henta skavved, seier
vi at ein skal til rognskog.

12. Veden ein hentar, kallar ein rogn
eller selje, ettersom det er rogn eller
selje.

13. Gjerringordet marka er ukjend.

14. Skav hentar ein om vinteren.
Det kunne vera både sirt og hardt
arbeid.

Det har ikkje vore brukt og fara
til rognskog på langfredag.

Derimot kunne det ofte henda
at dei på andre dagar fór til rogn-


4
skog på fastande hjarta. Frampå
vårvinteren kunne dei stå opp i
3 - 4 tida om morgonen for å mytta
"frøse ført" som dei sa; og oftast
vann dei ikkje eta nokon mat
med same dei stod opp.

Det var lettare å draga saman
rognna ein hogg for sola fekk verma
snoen opp, derfor var dei tidleg for
å mytta skareføre.

15. Skavinga vart helst gjord inne
i stova. Men når det lei frampå
våren og det vart dåleg køye - eller
draga - føre, hende det at dei skov i
skogen og bar skavet heim i jute
sekkar eller "tynnsekkje" som vi
seier.

16. Skavkniven ein brukte var follekniv.
Det skulle vera ein smal og tikkvass
kniv, for då vart skavet fint og
fint. 3 gamle dagar var hol-
skavelen mest nytta. Holskavelen
var arbeid og bøygd av ein tjå,
med behandtak i enden. Risset vinn
korleis han såg ut. (Dersom dykk vil
ha han teikna i full storleik, skal
eg gjera det sidan.) Ein stakk hande
igjennom holskavelen og heldt i treet
og drog han etter kjeppen ein skov.
Bandakniv var brukte berre når ein
skov besjeved, helst av bjørk. Skavet
vart grovt, og det vart sjeldan

Holskavel.



8031

3.
nytta til krøtera

17.-18. Når ein skov besjved, la ein stånen ein skov oppi sagstolen, eller ein slo to stiler i marka og la stånen oppi som ein skov med bandkniv. Slik gjorde ein ikkje når ein skov til krøtera. Ordet skavhol er ukjend.

19. Dei held kjeppen med vinstre handa og kniven med høgre handa. Kjeppen held dei still og fører kniven fort nedetter; om lag halve kjeppen skov dei ferdig, og så snur dei den skavne parten og held i den, med dei skov ferdig der dei først heldt handa på kjeppen.

20. For veden er skaven har ein ikkje nokk særskilt namn på han. Ein kan seia ein rognlegg eller ein rognkjepp alt ettersom han er tjukk eller grunn til.

21. Namnet på borken ein har skave, kallast skav. Kvar einskild skavflis kallast ein "skjavje".

22. Ein skov også ved av store tre, men då må ein kliva leggane eller lompan siend. Veden kan vera like lang som vanleg brennevod, eller lengre ettersom han skal nyttast til ved

eller emne.

23. Språkkjepp skalla somme dei granne kjeppane. Dessutan sa ein skjævel med tjukke l både om granne og tjukke. Småskjævel og storskjævel når ein ville nemna skilnaden på dei to.

Språkkjepp böyest slik:
språkkjepp, språkkjeppen, språkkjeppa
språkkjeppan eller språkkjekjeppan.
Skjævel böyest slik:
skjævel, skjævel'n, skjævelo, skjævelan.

24. Skavet skulle vera fint og fint, bere litt, eller ortalte av mura på rognan måtte sitte på kvar skjeve ein skov. Det skulle såleis vera både smale og tyne skjevjer, skulle krøtera eta det godt.

Skavet av språkkjeppane vart nytta til småkrøtera, sau og geit. Og det som var skave av tjukkare skjævel, fekk kyne, for det ville alltid verta litt grovare endå om ein var påassen og skov fint.

Nymoringar altså nybyjarar ville alltid skava tjukke og breie skjevjer og det var krøtera i glade i å eta. Vanke skavarar, skov alltid finare skav som krøtera tok godt.

25. Skjævelen vart nytta til steiking av karnkake og kinnalefse. Slik

ved vart det ikkje meverøyk av,
Og det vart ikkje røyksmak av lefse
og kankaker, for dei vart ikkje røyk-
leta utanpå, men vart lyeleta når
ein bruka skjovel.

26. Skav vert framleis nytta til
for når det vert seine vårar
og ~~det~~ ser ut til å verta heilt
fritt for høg for tida kjem til
utsløpping av buskagren. D. v. s.
for det vert bert og ikkje først
"grov" (grøngras) åt krøtera.

Men det er slutt med at ein
set inn krøter på berre skav.

For berre det at aldri kunne sette
inn ei kvi eller ein 3-4 sauer
eller geiter på skav. Sjølv sagt
fekst dei krøtera og høg, men dei
utjanna høyet og skabet på heile
buskagren.